

INNKALLING TIL ÅRSMØTE.

Stad: Hardangefjord hotell i Øystese

Tid: Tysdag 1. mars 2016 kl 19.00

Kl. 19.00 Sakliste til årsmøtet.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av personar til å leia årsmøtet, referera og å skriva under møtebok.
3. Årsmelding 2015
4. Rekneskap 2015
5. Budsjett for 2016.
6. Handlingsplan for 2016
7. Medlemspengar for 2016
8. Val. – styre, revisor og valnemnd.
9. Kåring av årets verksemd i Kvam 2015

Etter at årsmøtesakene er ferdige vil den nye daglege leiaren i Næringshagen i Hardanger, Sigmund Vereide, orientera om status i dag og planane framover.

Sakspapir vert utsendt ca 15 februar 2016

Så avsluttar vi årsmøtet med eit godt måltid.

Det vil også vera høve for nye medlemmer å vera med på møtet.
Innkallinga vert berre sendt ut som e-post.

Vel møtt!

Øystese 25. januar 2016.



Bertil Ove Skeie
Styreleiar.

Årsmelding for 2015

Org.nr 988 663 875

Styremøte og medlemsutvikling i 2015.

Det har vore halde 5 styremøte og handsama 37 saker i 2015. Alle styremøte er halde på Kvam Fruktlager. Medlemstalet er 108, ein oppgang på 5 frå året før.

Saker under arbeid i 2015.

Næringshagen i Hardanger fekk godkjenning som pilot i næringshagesystemet til SIVA (Statens Industrivekstanlegg) med eitt års prøvetid frå 1. juli, med lovnad om permanent status dersom visse mål vert oppfylt før 1. juli 2016. NIH skal har hovudkontor i Øystese i dei nye kontora som no vert laga på Kvam Fruktlager, men skal arbeida regionalt i heile Hardanger. Dagleg leiar i KNR, Torleiv Ljones, har også vore dagleg leiar i NIH fram til årsskiftet då Sigmund Vereide overtok.

Kurs i marknadsføring/profilering/ bruk av sosiale media vart halde i februar/mars med 16 deltakarar. Det var gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Heimeside og Facebook for KNR i ny utgåve er no lagt ut på nettet. Det er Riss Grafisk som har laga den nye heimesida og denne er mykje enklare å arbeida med enn den vi hadde før. Står vi fast, er det også lettare å få hjelp når det er eit lokalt firma som kan kontaktast. Oppdatering og vedlikehald må prioriterast høgare i 2016.

Fellesmøte mellom næringslaga i Norheimsund, Øystese og Kvamskogen vart halde i mai og september. Siktemålet er å kunna få til eit samarbeid om marknadsføring og profilering av tenester i Kvam. Dette vil KNR arbeida vidare med etter årsskiftet. Kvam Næringsråd har også vore med på aksjonen næringslaga har hatt med slagordet: «Prøv lokalt, da e da mon i!»

Sykkellopet Tour des Fjord og Statsraad Lehmkühl sitt Hardanger-cruise var KNR med på fordi vi trur dette gav god PR for Kvam, i tillegg til at det var i god oppleving for folk som var med. Vi brukte nokre kroner på annonsering for desse arrangementa, men når Kvam herad ynskjer eit samarbeid med næringslivet på slike prosjekt, er det naturleg at KNR deltek.

Valkampmøte i Norheimsund den 10. september, 4 dagar før kommunevalet, hadde KNR som arrangør. Toppkandidatar frå alle som stiller liste ved kommunevalet var invitert til å delta med Arild Sondre Sekse som møteleiar.

Kontor i Norheimsund. Kvam Næringsråd har no tilgang på kontor og møtelokale på Hardanger Brygge i Norheimsund saman med Næringshagen i Hardanger. For dette betalar vi kr 1.000,- pr mnd.

Frukostmøte med NAV. KNR har denne hausten hatt 2 frukostmøte saman med NAV der tema var sjukemeldingar og psykisk helse. Her har det vore svært godt frammøte med 50 på det første møtet og 35 på det siste. Det vert 2 møter til med NAV vinter/vår 2016.

Næringsalliansen. Kvam Næringsråd er medlem av Næringsalliansen, eit samarbeidsorgan for 10 næringsorganisasjonar i Hordaland med Bergen Næringsråd som sekretariat. Åreleg kontingent er kr 5.000,-. I 2015 har det vore 2 møter og det er no meininga å auka aktivitet i organisasjonen. I mars vert det eit temamøte om kompetanse på Stord og i mai eit møte på Vaksdal med infrastruktur/samferdsel som agenda.

Hardanger Næringsråd. Aktiviteten har vore svært låg i året som gjekk. Dette skuldast både dårleg økonomi og vanskar med å finna ny styreleiar etter at Torleiv Ljones sa frå seg

attval. Jan Ove Aasen tok over vervet på årsmøte i mai 2015, men det har ikkje vore aktivitet resten av året bortsett frå eit styremøte på Utne den 26. oktober. KNR sin kontingent for 2016 (kr 7.000,-) er forskotsbetalt i desember 2015.

Reiseliv/turstiar.

Tone Tveit har også i år oppdatert aktivitetsmanualen for medlemmer i KNR som driv innan reiseliv. Dei som bur på hytter og hotell, eller er innom turistinformasjonen får her god oversikt kva som finst av tilbod i Kvam. Denne manualen må oppdaterast kvart år.

Det er også i 2015 gjort arbeid med merking av turstiar og utarbeiding av kart. KNR har fått tilskot frå Gjensidigestiftinga til innkjøp av merkemateriell og i tillegg kr 39.547,- frå Bygdeturisme i Hardanger som eit eingongstilskot til turstiane.

Internettsida www.visitkvam.no vart oppdatert og kostnaden med dette vart dekkja av reiselivsmedlemene.

Andre saker.

Dagleg leiar har i 2015 medverka til å halda kontakt mellom Sjusete Skisenter og grunneigarane der skiløypene går opp mot Allkleiv. Denne avtalen vert automatisk vidareført til den vert oppsagt, men det bør lagast eit årleg møte mellom partane.

KNR har vorte kontakta av skogeigarar i Melstveitåsen om behovet for oppgradering av den kommunale vegen opp til Melstveit slik at den er framkomeleg for tømmerbilar med hengar. Vi har vore på synfaring og skrive brev til Kvam herad og alle som er medlemmer i heradsstyret. Om KNR sin påverknad har vore utslagsgjevande veit vi ikkje sikkert, men vegarbeidet er i alle fall kome med på det kommunale budsjettet for 2015/2016.

Årets verksemd i 2014 vart Thon Sandven Hotel som fekk si utmerking på årsmøtet til Kvam Næringsråd i februar 2015.

Økonomi.

Rekneskapet for 2015 syner eit underskot på kr 8.396

Kvam Næringsråd har kr 69.629,64 på bankkonto ved årsskiftet.

Uteståande krav er kr 287.022,25 og leverandørgjeld er kr 5498,-.

Samla godtgjersle til dagleg leiar i 2015 er kr 240.000,-.

Årets underskot vert dekkja av egenkapitalen i KNR som 31.12. 2015 er kr 404.115,-

Tillitsvalde i Kvam Næringsråd 2015:


Styreleiar, Bertil Ove Skeie, nestleiar, Gjermund Stuve,

Styremedlemer: Knut-Roger Sivertsen, Anne Marie Øvrevik, Runar Botnen

Varamedlemer: Gunnar Egil Seljebotn og Heidi Helgheim.

Revisor: Kjell Berge

Øystese 19. januar 2016.



Bertil Ove Skeie – leiar



Gjermund Stuve – nestleiar

Knut-Roger Sivertsen



Anne Marie Øvrevik



Runar Botnen

Resultatregnskap 2015

Kvam Næringsråd

	31.12.2015	31.12.2014
Driftsinntekter og driftskostnader		
3100 Salgsinntekter, avgiftsfrie	0	2 800
3110 Salg av kart og trykkaker	4 692	12 780
3440 Offentlig tilskudd	85 000	76 636
3450 Tilskudd fra andre	54 047	110 000
3460 Reklameinntekter	0	12 000
Salgsinntekter	143 739	214 216
3510 Serviceavgift /medlemspengar	214 500	223 000
3520 Reklamesalg	4 000	0
3600 Prosjektleiing kompensasjonsmidlar	0	101 245
3605 Prosjektleiing - næringsplan	0	260 000
3606 Prosjektleiing Næringshage	177 607	240 000
3610 Turstiar - tilskot	37 500	72 500
3611 Komp.midlar til filmprosjekt	0	224 000
3612 Kurs og kompetanseheving	25 000	0
3613 Vedlikehald av Visit Kvam	20 000	0
3615 Deltakarbetaling på møte	3 695	5 000
3620 Annen inntekt	69 798	14 323
3630 Utleige av kontor	-6 000	12 000
3900 Annen driftsrelatert inntekt	2 511	24 800
Annen driftsinntekt	548 611	1 176 868
Sum driftsinntekter	692 350	1 391 084
6300 Leie kontor	21 037	16 940
6540 Maskiner og inventar	2 320	13 278
6541 Skilt og utstyr til turløyper	12 979	170 821
6542 Utsyr til reiseliv	2 041	4 612
6543 Film bilete og TV	9 640	140 000
6551 Datautstyr	0	79
6560 Rekvizita	0	79
6701 Dagleg leiar honorar	240 000	240 000
6705 Honorar styreleiar	20 000	20 000
6710 Konsulent og fagleg hjelp	195 957	292 000
6790 Løn til arbeid med turstiar	28 028	234 841
6800 Kontorrekvisita	3 461	6 235
6810 Data/EDB- kostnad	4 089	11 658
6820 Trykksak	11 852	5 350
6830 Heimeside	30 014	1 170
6860 Møte, kurs, oppdatering o.l.	25 205	28 555
6861 Årsmøtekostnad	2 520	5 880
6940 Porto	274	282
7110 Bilgodtgjerdse ikkje oppgavepliktig	8 532	20 626
7140 Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	0	18 489
7160 Matinnkjøp	4 507	3 450

Resultatregnskap 2015

Kvam Næringsråd

	31.12.2015	31.12.2014
7320 Reklamekostnad/annonser	43 921	27 279
7360 Representasjon	3 075	0
7400 Kontingenter	16 248	5 000
7420 Gaver	6 097	5 634
7740 Øredifferanse	-1	2
7770 Bank- og kortgebyrer	532	1 307
7790 Annen kostnad	74	0
7830 Konstaterte tap på krav og medlemspengar	8 904	0
Annen driftskostnad	701 306	1 273 566
Sum driftskostnader	701 306	1 273 566
Driftsresultat	-8 956	117 518
Finansinntekter og finanskostnader		
8040 Renteinntekt	560	2 700
Annen renteinntekt	560	2 700
Resultat av finansposter	560	2 700
Resultat før skattekostnad	-8 396	120 218
Ordinært resultat	-8 396	120 218
Ekstraordinære inntekter og kostnader		
Årsoverskudd (Årsunderskudd)	-8 396	120 218
Overføringer		

Balanse 2015

Kvam Næringsråd

	31.12.2015	31.12.2014
EIENDELER		
Anleggsmidler		
Immaterielle eiendeler		
Varige driftsmidler		
1280 Kontormaskiner	2 731	0
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	2 731	0
Sum varige driftsmidler	<u>2 731</u>	<u>0</u>
Finansielle driftsmidler		
Sum anleggsmidler	<u>2 731</u>	<u>0</u>
Omløpsmidler		
Fordringer		
1500 Utestående krav	287 022	24 200
1530 Gjensidigestiftinga til turstiar	5 000	72 500
Kundefordringer	292 022	96 700
Sum fordringer	<u>292 022</u>	<u>96 700</u>
Investeringer		
1920 Bank 3530 22 71222 Driftskonto	68 113	85 403
1930 Bank 3530.25.34215 Høgrente	1 517	7 582
1950 Bank skattetrekk 3530 23 33260	4	4
1960 Bank 3530.07.00835 Reiseliv drift	36 002	1 000
1970 Bank 3530.18.51977 Reiseliv skattetrekk	3 726	3 726
Bankinnskudd, kontanter o.l.	109 362	97 715
Sum omløpsmidler	<u>401 384</u>	<u>194 415</u>
SUM EIENDELER	<u>404 115</u>	<u>194 415</u>

Balanse 2015

Kvam Næringsråd

	31.12.2015	31.12.2014
EGENKAPITAL OG GJELD		
Innskutt egenkapital		
2010 Næringshagen i Hardanger Aksjar	-15 000	0
Egne aksjer	-15 000	0
Sum innskutt egenkapital	-15 000	0
Opptjent egenkapital		
2050 Annen egenkapital	410 274	290 057
Annen egenkapital	410 274	290 057
Udisponert resultat (ikke postert)	-8 396	120 218
Sum opptjent egenkapital	401 879	410 274
Sum egenkapital	386 879	410 274
Gjeld		
Avsetning for forpliktelser		
Annen langsiktig gjeld		
Kortsiktig gjeld		
2400 Leverandørgjeld	5 498	-188 038
Leverandørgjeld	5 498	-188 038
2740 Oppgjørskonto merverdiavgift	11 739	-27 822
Skyldig offentlige avgifter	11 739	-27 822
Sum kortsiktig gjeld	17 236	-215 860
Sum gjeld	17 236	-215 860
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	404 115	194 415

Til styret i Kvam Næringsråd


Eg har etter beste skjønn revidert rekneskapen for Kvam Næringsråd for året 2015, og meiner at dette gjev eit rett bilete av laget sin økonomiske situasjon pr 31.12.2015.

Alle bilag er kontrollert, og er ført i samsvar med god rekneskapskikk.

Bokført saldo i bank, samsvarar med kontorutskrift pr 31.12.2015.

Strandebarm 01.02.2016.

Kjell Berge
5630 Strandebarm



Likviditesbudsjett for Kvam Næringsråd 2016

Regnskapsåret starter: 01.01.2016	(PØI) Oppstart ES1	JAN 01	FEB 01	MAR 01	APR 01	MAI 01	JUN 01	JUL 01	AUG 01	SEP 01	OKT 01	NOV 01	DES 01	Totalt Artikkel-EST
Tilgjengelige kontanter (start på måned)	100000	100000	77500	51500	262000	242500	201000	179500	163000	141500	423000	398500	377000	377000
Inntekter														
Arbeid med kompensasjonsmidlar										50 000				50 000
Medlemskontingent				240 000										240 000
Prosjektarbeid og andre inntekter														-
Tilskot til KNR				5 000										5 000
Utleige av kontor			6 000							6 000				12 000
Sal av trykksaker, kart, m.m.					20 000		5 000	5 000	5 000					35 000
Totalt	-	-	6 000	245 000	20 000	-	5 000	5 000	5 000	56 000	-	-	-	342 000
Bank-konto	#####	100 000	83 500	296 500	282 000	242 500	206 000	184 500	168 000	197 500	423 000	398 500	377 000	719 000
Utgifter														
Innkjøp (varer)														-
Bruttolønninger (nøyaktig uttak)		15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	180 000
Løn til arbeid med reiseliv og turstiar				5 000	5 000	5 000	5 000		5 000	5 000				30 000
Honorar til styreleiar						15 000								15 000
Rekvisita (kontor og drift)		1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	12 000
Gaver og sponing			5 000											5 000
Annonsering og reklame		3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	36 000
Møter og konferansar				3 000	3 000					3 000		3 000	3 000	12 000
Trykksaker					8 000								3 000	8 000
Kontorleige - Øystese og Norheimsund		2 100	2 100	2 100	2 100	2 100	2 100	2 100	2 100	2 100	2 100	2 100	2 100	25 200
Telefon og internett		500	5 500											6 000
Heimeside - Facebook - vedlikehald		500			2 000									2 500
Fagleg hjelp														-
Reiseutgifter		300	300	300	300	300	300	300	300	300	300	300	300	3 600
Gebyr og bank-kostnad		100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	1 200
Kontingentar				5 000										5 000
Andre utgifter														-
Diverse														-
Totalt	-	22 500	32 000	34 500	39 500	41 500	26 500	21 500	26 500	26 500	24 500	21 500	24 500	341 500
Kontantutbetalinger (ikke P&L)														
Kvam Næringsrad oppgjerd for arbeid og utlegg										-287000				-287000
Reserve og/eller deponering														0
Kjøp av aksjar i Næringsshagen i Hardanger										35000				35000
Totalt	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-252000	0	0	0	-252000
Kontantutbetalinger totalt	0	22500	32000	34500	39500	41500	26500	21500	26500	-225500	24500	21500	24500	89500
Kontantbeholdning (månedslutt)	100000	77500	51500	262000	242500	201000	179500	163000	141500	423000	398500	377000	352500	629500

Handlingsplan for 2016

1. halvår 2016.

- Mars/april ; Kompensasjonsmidlar.
 - 2012 - 2014 Ferdigstilling av godkjende prosjekt.
 - Utlysing og handsaming av søknader for 2015/2016
- Jan- mai: Støttefunksjon for Næringshagen i Hardanger
- Årsmøte 1. mars
- 22. Mars: Ope møte saman med Kvam herad : Tema: Samferdsel
- Februar – mai. Kvammamagasinet
- 14. april: Næringsalliansen - møte på Stord med kompetanse (skule) som tema
- April: Reiseliv – aktivitetsmanual for reiselivet
- Oppdatering av heimeside og Facebook.
- Mai/juni: Turstiar. -
- Mai: Næringsalliansen – møte på Vaksdal - Samferdsel

2. halvår 2015

- August/september: Turstiar
- Medlemsmøte med tema.
- Aktuelle politiske saker
- Medlemsverving

Medlemspengar for 2016 (Uendra frå 2015)

<i>Privatperson:</i>	<i>kr</i>	<i>500,00</i>
<i>Firma med 1 – 5 årsverk:</i>	<i>kr</i>	<i>1.000,00</i>
<i>Firma med 6 – 10 årsverk:</i>	<i>kr</i>	<i>2.000,00</i>
<i>Firma med 11 – 25 årsverk:</i>	<i>kr</i>	<i>4.000,00</i>
<i>Firma med 26 – 50 årsverk:</i>	<i>kr</i>	<i>8.000,00</i>
<i>Firma med over 50 årsverk:</i>	<i>kr</i>	<i>10.000,00</i>

Innstilling frå valnemnda i Kvam Næringsråd til årsmøtet 1. mars 2016

- Styreleiar: Bertil Ove Skeie attval for 1 år.
Nestleiar: Gjermund Stuve ikkje på val
Styremedlem: Knut-Roger Sivertsen ikkje på val
Styremedlem: Anne Marie Øvrevik ny – 2 år
Styremedlem: Runar Botnen attval - 2 - år
Varamedlemer:
1. Rolv Haugarvoll ny
2. Gunnar Egil Seljebotn attval
3. Heidi Helgheim attval

Revisor: Kjell Berge 1 år. attval

Øystese 11. februar 2016



Leif Gjerde

Henrik Steine